

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020

Sigrid Brattabø Handagard (Sp) orienterte om eit skriftleg spørsmål om reiseliv frå Jana Midelfart Hoff (H). Spørsmålet vart ikkje satt på sakslista men administrasjonen har utarbeida eit skriftleg svar. Spørsmålet og svaret formidlast til medlemmar i møte.

Thorbjørn Vareide (A) sette fram eit slik forslag :

“Framlegg til protokolltilførsel til næringsutvalsmøte 05.11.20:

Næringsutvalet ber administrasjonen legge fram for utvalet kva vurderingar og prinsipp som vert vekta under den administrative prioriteringa i utlysingsprosessar med tildelingar over 8 millionar kroner. Dette vil kunne gi eit politisk handlerom til å spele inn nokre overordna føringar og prinsipp før dei administrative prioriteringane vert fremja som sak. Sjølve saksbehandlinga skal som alltid gjerast fram på eit fagleg grunnlag. ”

Hovudutval for næring sluttar seg til forslaget og setter saka på saksliste som ei politisk sak PS 65/20 Dialog og tildeling av midlar.

Innkalling og sakslista vart godkjent med nemnde merknadar.